

OPPSLAGSTAVLA

Ville vekstar

I språkspalta til *Tidsskrift for Den norske legeförening* har redaksjonen samla ei rekkje spenstige språkblødder under overskrifta «Ville vekster». Denne synest vi er fornøyeleg: *Det summer i mange slags språk, nokre er fortvila, nokre openbert sjuke, andre sterkt påverka av både legale og illegale rusmiddel.*

Elles vil vi gratulere den nemnde språkspalta med 20-årsjubileet i år!

Etterlysing

Vi vet det finnes mange gode navn på internpublikasjoner og intranett rundt om i de tusen statsorganer. Kripos' eget blad heter for eksempel *Kriposten*, og i Fiskeri- og kystdepartementet heter intranettet *Innaskjærs*. Vi vil gjerne presentere flere slike treffende navn i Statsspråk. Send dem til stat@sprakradet.no.

Kan omsetjingsprogram redde språkmangfaldet?

Det anerkjende amerikanske IT-tidsskriftet *Wired* hevdar i juliutgåva at maskinomsetjing kan vere med og sikre små språk ei framtid. Ved hjelp av ein omsetjingsfunksjon kan ein delta i nettprat over heile verda på sitt eige morsmål. Omsetjingsprogram er ikkje gode nok til tekstar som krev presisjon eller skal ha litterær verdi, men dei lettar i alle fall kommunikasjonen.

→ Låst i translasjonen? ... frå side 1

i Danmark. Denne gongen var det full klaff. Tolken kom til Noreg ein dag før intervjuet og fekk innføring i tolketeknikkar og tolkerolla. Etter fleire år i Noreg er asylsøkjaren no sjølv blitt tolk.

– Hadde ikkje leitinga ført fram, kunne vi tydd til samarbeidspartnarar i andre europeiske land. Vi kan bruke tolkar der via videokonferanse, og det hender vi hentar kompetanse i Nederland og Storbritannia. Det er ikkje ideelt når tolkinga må gå via to språk – såkalla relé-tolking – men det går, seier førstekonsulent Juri Tomilov.

Ulike behov

I eit asylintervju er det aller viktigaste å få fram historia til asylsøkjaren. Det er om å gjere å fjerne hindringar for kommunikasjonen, så språkeininga tek mest mogleg omsyn til søkeren sine behov.

– Etter den første tsjetsjenske krigen var det fleire tsjetsjenarar som ikkje ville uttale seg med etnisk russiske tolkar til stades, men godtok tolkar frå Georgia, Armenia – eller Noreg for den del. Likeins vil mange kroatar helst ikkje ha ein serbisk tolk sjølv om språka er like. Dessutan er det mange kvinner som kvir seg for å snakke gjennom ein mannleg tolk, seier senior-

rådgjevar Jasmina Gustavsen.

– Derfor har vi mange ulike tolkar i databasen, og vi gjev tolkane og omsetjarane gode vilkår. Når tolkane er gode, går sakshandsaminga raskare, supplerer Grønland.

Oppfølging av tolkane

Språkeininga tilbyr tolkane fagleg påfyll og held to fagseminar i året. Emnet har vore alt frå klarspråk og terminologi til teknikkar for å distansere seg. Ein kan lett kome til å identifisere seg for mykje med asylsøkjarane. Nokre tolkar blir overvelda av kjensler fordi dei gjenopplever noko frå sitt eige liv. Det at ein tolkar i «eg»-form, gjer vondt verre. Heldigvis har UDI eit godt apparat for debrifing, som tolkane kan nytte.

Hjelpemiddel

Skal ein unngå forvirring, trengst det terminologisk samkøyring. Derfor har språkeininga arbeidde mykje med terminologi. Før den nye utlendingslova kom, skulle det lagast mykje informasjon på engelsk, og språkeininga fekk laga ei norsk-engelsk termliste.

Somme gonger trengst det terminologi på heilt spesielle fagområde. Ei tid kom det mange frå Etiopia og Eritrea som hevda dei var pinsevener og dermed forfulgte. Ei gruppe fagfolk

laga då termlister for det religiøse feltet. Seinare kom det militære avhopparar frå dei same landa, og då fekk språkeininga laga nye lister over alt frå militære grader til alle delane i ein kalasjnikov. Slike lister er òg utarbeidde for kurdisk og arabisk.

Om kvar tolk transkriberer på sin måte, kan eitt slektsnamn få ulike stavemåtar. Sidan det ikkje finst vedtekne transkripsjonsreglar for arabisk, fekk språkeininga utarbeidd eit forslag til mal i samarbeid med UiO. Ei liste over 100 vanlege arabiske namn med norsk transkripsjon er lagd ved denne malen. Malar for persisk og kurdisk er i kjømda.

Ikkje så lett

Mange av dei tilsette ved språkeininga har sjølve måtta lære seg norsk, og fleire av dei har arbeidde som tolk eller omsetjar. Einingsleiar Lena Grønland hugsar godt då ho skulle lære norsk og sat og såg på Dagsrevyen. Eit innslag handla om ein norsk kaptein som hadde sett av blindpassasjerar i ein robåt. Grønland tente på alle pluggar og freste til mannen sin: «Det er jo inhumant nok å setje folk frå seg slik, men blinde kan jo ikkje eingong sjå kva veg dei skal ro!»

Torunn Reksten

Når du skal bruke tolk

- Beregn nok tid. En samtale med tolk tar dobbelt så lang tid som en uten.
- Sørg for at tolken får nok bakgrunnsinformasjon, slik at hun kan forberede seg godt.
- Orienter tolken om hensikten med samtalen, hvilke spørsmål du vil ta opp, og hvordan du vil gå fram.
- Snakk til samtalepartneren, ikke til tolken. Bruk direkte tiltaleform.
- Uttrykk deg klart og konsist og bruk helst hele setninger. La tolken få slippe til med jevne mellomrom.
- Ikke si for mye på én gang.

Å oversette språket i staten

Forvaltningstermer kan være vanskelige å oversette. De skiftes ofte ut og er gjerne knyttet til et bestemt system. Særnorske betegnelser som *ventelistegaranti* og *kontantstøtte* er ikke selvforklarende. Ordrett oversettelse er umulig, og oversetteren må vite at ventelistegarantien er garanti for operasjon innenfor et visst tidsrom, ikke garanti for rett til å stå på en venteliste. Også navn på statsinstitusjoner kan være kinkige. Hva skal man f.eks. kalle «Hærens transformasjons- og doktrinekommando» eller «Norsk metasenter for tungregning»?

Ventelistegaranti



Transkripsjon

Transkripsjon er i denne sammenhengen å overføre tekst fra et alfabet til et annet. Fra før har vi fastsatte system for nygresk og for slaviske språk som skrives med kyrilliske bokstaver. Disse reglene gjelder personnavn og stedsnavn, for eksempel i tekster på fjernsynsskjermen og i avisspalter. Arabisk er trolig det neste språket som vil få transkripsjonssystem, og deretter iranske språk med arabisk skrift.

Ideelt sett skal et transkripsjonssystem være tro både mot skriftbildet og uttalen i kildepråket så vel som i målspråket. Det lar seg ikke gjennomføre fullt ut. Noen ganger, som når samme skriftegn kan ha ulike lydverdier, må vi velge om vi skal holde oss til skriftbildet eller til uttalen i den norske versjonen. I systemet for russisk brukes begge variantene. I navnene *Moskva* og *Tolstoj* følger vi det russiske skriftbildet i norsk selv om den første vokalen (*o*), som er trykksvak, har en uttale som ligger nærmere *a* på russisk. Ved den russiske *e*-en bruker vi derimot både *e* og *je*, f.eks. Елена > *Jelena*. Her er fordelingen av den russiske *e*-en på to gjengivelser i norsk i samsvar med uttalen i russisk.

Vi transkriberer alltid etter reglene i det språket reglene er utviklet for. *Gorbatsjov* heter *Gorbachev* i Storbritannia, *Gorbatschow* i Tyskland og *Gorbaciov* i Italia. Noe av det samme ser vi i landsnavnet *Jemen*. Når det skrives med *Je-* på norsk, men *Ye-* på engelsk, er det fordi det er ulike regler for å gjengi lyder i skrift på norsk og engelsk. På engelsk ville *j* gitt *dsj*-uttale (som i *James*), og på norsk gir *y* uttale med lepperunding (som i *yrke*). Derfor passer skrivemåten *Jemen* best på norsk.

Retningslinjene for transkripsjon til norsk:

- Bokstavene skal brukes med de lydverdiene de til vanlig har i norsk, f.eks. med norske, ikke engelske, lydverdier for *j* og *y*.
- De særnordiske bokstavene *æ*, *ø*, *å* vil være fremmedelement ved transkripsjon av ikke-nordiske navn, og skal ikke brukes.
- Bokstaven *c* har ikke egen lydverdi. Den skal ikke brukes, for den kan skape usikkerhet om uttalen i norsk.
- Bokstavene *q*, *w*, *x*, *z* har heller ikke egne lydverdier, men kan brukes til å markere lyder utenfor det norske lydsystemet, som *z* for stemt *s*.
- Bokstaven *h* bør ikke brukes utover den

ordinære bruken i norsk. Derfor brukes f.eks. *sj*, *zj*, *tsj*, ikke *sh*, *zh*, *ch*, ved transkripsjon.

- I noen tilfeller kan *h* brukes sammen med andre konsonanter for å markere at det i kildepråket dreier seg om annen uttale enn det én konsonant alene ville markere. F.eks. blir russisk *x* til *kh* på norsk, gresk *θ* blir *th*. I navnet *Afghanistan* ser vi *gh*. Selv om disse bokstavkombinasjonene ikke er i bruk ellers i norsk, representerer de lyder i kildepråket som har fellestrekk med de lydene disse bokstavene representerer i norsk.
- Diakritiske tegn, altså tegn over, gjennom eller under de ordinære bokstavene, skal ikke brukes. Unntak er tødler over *a* og *o* (*ä* og *ö*), som kan brukes for å markere *æ*- og *ø*-uttale.

Hevdunne former blir ofte videreført selv om de er i strid med nye transkripsjonsregler. Øya heter fremdeles *Kreta*, selv om Κρήτη i dag ville blitt transkribert *Kriti*.

For språk som skrives med samme alfabet som norsk, trengs selvsagt ingen «transkripsjonsregler». *Warszawa* skriver vi på samme måte som på polsk nettopp fordi det er skrevet med latinske bokstaver. Hadde det vært en by i Russland (Варшава), ville vi ha skrevet *Varsjava* på norsk.

Russisk

Russisk var det første språket vi fikk transkripsjonssystem for. I 1970 ga Dansk Sprognævn, Norsk språknemnd og Svenska språknämnden ut fellesregler for dansk, norsk og svensk. Noen forskjeller var det, f.eks. blir russisk *ч* *tsj* på norsk, men *tj* på dansk og svensk. Komponisten Чайковский heter *Tsjajkovskij* i Danmark og Sverige, men *Tsjajkovskij* i Norge.

I 1995 ble reglene for norsk transkripsjon justert bl.a. for å unngå at både stemte og ustemte *s*-lyder ble gjengitt med bokstaven *s*. Før 1995 ble både *Zakharov* og *Sakharov* gjengitt som *Sakharov*.



Gorbatsjov
Gorbachev
Gorbatschow
Gorbaciov

Ikke-russisk kyrillisk

Norsk har også regler for transkripsjon av navn fra bulgarsk, hviterussisk, makedonsk og ukrainsk.

Langt på vei samsvarer reglene med de reglene som er gitt for russisk. Noen bokstaver har annen transkripsjon på grunn av avvikende lydverdier, og noen ikke-russiske bokstaver kommer i tillegg: Det russiske navnet Ирина blir *Irina* på norsk, mens det hviterussiske Ірына blir *Iryna*.

For serbisk fungerer kroatisk, som skrives med latinske bokstaver, som transkripsjonssystem.

Nygresk

Retningslinjene for transkripsjon av greske navn gjelder *nygresk*, og transkripsjonen skal bygge på moderne gresk. Historiske navn og vanlige ord kan ha andre stavemåter. Man kan skrive om slaget ved *Maraton* og *maratonløp* selv om den nygreske navneformen blir til *Marathónas* i transkripsjon.

Navnet på hovedstaden i Hellas kan derfor skrives på to ulike måter, *Aten* eller *Athen*, selv om bokstaven *theta* (*θ*) nå oftest transkriberes som *th*.

Arabisk

Det er ennå ikke fastsatt noen norm for språk som skrives med arabisk skrift. Det fører til inkonsekvenser i gjengivelsen av personnavn og stedsnavn på norsk. Noen navn er blitt normert enkeltvis opp gjennom åra.

Etter et vedtak fra 2001 anbefaler Språkrådet at arabiske navn på organisasjoner o.l. som begynner med artikkelen *al*, skal skrives med stor bokstav i artikkelen og uten bindestrek mellom artikkelen og selve substantivet. Substantivet skal skrives med stor bokstav. Organisasjonen heter altså *Al Qaida* på norsk.

SPRÅKTIPS



SPRÅKEGGET

I filmen *Mannen som slutade röka* ser vi en mann som passerer en skjelmisk blondine. Hun har en sigarett i munnviken og står lent mot en husvegg. Hun er tydeligvis «på jobb» og spør: «Har du en tändsticka?»

Den norske underteksten lød: «Har du en tannpirker?»

Det er ikke pirkete å fyre seg opp over slike oversettelser.

Ordklekking

I førre utgåve bad vi om nye ord for det kjende fenomenet at det tekniske sviktar på det verst tenkjelege tidspunktet.

Personen som opplever dette, kan vi kalle *kabelklovn*, *knappekløne* eller *-knøl*, og han blir *teknotraumatisert*, *dippbetutta* eller får *presentasjonsangst* eller *e-verk* når han opplever *nett-tverk* eller *teknisk knock-out*. Nokon vil då påkalle *Kaptein Kabelsatan*.

I sommar kunne vi lese at britiske forskarar meiner å ha prov på å høna, eller snarare kyllingen, kom før (hønse)egget. Vi kan komme til å trenge eit nytt uttrykk for høna-eller-egget-spørsmålet. Er det nokon som har forslag?

Husk at «eventuelt» forkortes *ev.* *Evt.* er forkortelsen for «etter vår tidsregning».

Vermor er eit godt, gammalt ord for svigermor. *Ver* tyder opphavleg '(ekte)mann', så *vermor* er bokstavleg 'manns mor'. *Verfar* og *verbror* er då sjølvstakt 'svigerfar' og 'svoger'.

Andre presise slektskapsord av liknande slag er *farbror*, *morbrotor*, *faster* og *moster*.

Falske venner

Alle som driver med oversettelse, har hørt om *falske venner*: ord som ser like ut, men som har ulik betydning. Tar man sjansen på at ord som lyder noenlunde likt på to språk, betyr det samme, kan det gå galt.

FOR BOKFINKER

Vi liker å tro at vi skjønner grannespråkene. Men det finnes mange fallgruver, kanskje spesielt i forvaltningsspråket. Svensk *grundlag* betyr 'grunnlov'. *Straffbestämmelse* er 'straffutmåling'. Norsk *straffebestemmelse* er 'bestemmelse' eller 'paragraf' i straffeloven.

Også i det daglige kan vi støte på falske, svenske venner. Om en servitør på en utekafé spør om du vil ha *dyna*, betyr det ikke at denne kafeen er så råflott at den tilbyr gjestene dyner istedenfor pledd. Hun lurar på om du vil ha pute på stolen.

FOR MÅLTROSTAR

På bokmål har vi substantivet *uttalelse*, som tyder 'uttrykt mening' og i formelle sammenhengar gjerne *resolusjon*.

Det tradisjonelle nynorske ordet er *fråsegn*: Styret vedtok *ei fråsegn om måla*. I *Nynorsk-ordboka* finn vi rett nok substantivet *e(i)n/uttale* med same tydinga. Likevel vil vi rå frå å bruka ordet slik. På norsk tyder *uttale* i utgangspunktet 'artikulasjon'. Organisasjonar kjem med *fråsegner*, einskildpersonar med *utsegner*.

DIKTET

Regn

En er en, og to er to -
vi hopper i vand,
vi triller i sand.
Zik zak,
vi drypper på tag,
tik tak,
det regner idag.
Regn, regn, regn, regn,
øsende regn,
pøsende regn,
regn, regn, regn, regn,
deilig og vådt
deilig og rått!
En er en, og to er to -
vi hopper i vand,
vi triller i sand.
Zik zak,
vi drypper på tag,
tik tak,
det regner idag.

Sigbjørn Obstfelder



Den tilsynelatende lille forskjellen

En *veske* er til å bære noe i.
En *væske* er noe flytende, f.eks. vann.

Væskebalanse har med kroppens væskeinnhold å gjøre.
Veskebalanse må være å ha børa jevnt fordelt på begge sider, som i en kløvsadel.

STATSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

Adresse:

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Telefon til Språkrådet og Statsspråk:
22 54 19 50

Redaktør:

Torunn Reksten
torunn.reksten@sprakradet.no

Abonnement og adresseendring:
bestilling@sprakradet.no

Utforming:

Marit Heggenhougen | cmykdesign.no

Trykk: NR 1 Arktrykk

Opplag: 18 500

Redaksjonen avslutta 24.08.2010

ISSN 0805-164X